

### 9.1.3 Personvernerklæring - Elevar og føresette

Sist endra: 20.11.24



Jærtun Lutherske Friskule (org.nr. 987789948) ved dagleg leiar, er ansvarleg for lagring og behandling av Personopplysningar i verksemda (heretter skulen).

Denne personvernerklæringa beskriver korleis skulen som Behandlingsansvarleg handterer personopplysningar for elevar og føresette. Personvernerklæringa finst på skulen sine WEB-sider: <https://www.jaertun.no>

Har de spørsmål om personvern på skulen kan de kontakta inspektør på [ragnhildg@jaertun.no](mailto:ragnhildg@jaertun.no).

#### Definisjonar

- **Person** er ein identifiserbar fysisk person, for eksempel en elev eller føresett.
- **Personopplysningar** er opplysningar som direkte eller indirekte er knytt til ein person.
- **Behandlingsansvarleg** er den som definerer formålet for behandlinga av personopplysningane og som behandlar og lagrar personopplysningane.
- **Ein Databehandlar** behandlar personopplysningar på vegne av behandlingsansvarleg. Behandlinga er regulert av ein databehandlaravtale mellom behandlingsansvarleg og databehandlaren.

#### Personopplysningar som behandlast og lagrast er:

- Alminnelege personopplysningar som namn, alder, ol.
- Kontaktdetaljar som adresse, e-post, telefonnummer, ol.
- Særlege kategoriar personopplysningar (sensitive opplysningar) som helseopplysningar ol.
- Vurderingar av elevar, slik som undervegsvurderingar, vitnemål, eventuelle behov for tilpassa opplæring, ol.
- Opplysningar om fråvær, anmerkingar, advarslar, ol.
- Opplysningar knytt til spesialpedagogisk støtte og undervisning, herunder utgreiingar, enkeltvedtak og individuelle opplæringsplanar.
- Opplysningar relatert til innhaldet i henvendingar og annan kommunikasjon, slik som e-post, brev, SMS, ol.
- Andre opplysningar som er naudsynte for at skulen skal kunne oppfylle sine lovpålagte plikter, slik som personnummer, permisjonar, ol.
- Om skulen lagrar eller publiserar bilete, video eller lydopptak, for eksempel på skolen si WEB-side:  
<Bilete, video og lydopptak, gitt at de har samtykka til dette.> Sjå eige spørjeskjema til nye foreldre.
- 

#### Eksempel på Behandlingsaktivitetar er:

- Handtere søknadar om skuleplass (og plass på SFO viss skulen skulle få dette).
- Formidla informasjon, nyheiter og invitasjonar om t.d skulen sine løpande aktivitetar, festar, samlingar, ol.
- Administrera samtykker.
- Utøva individuelle rettigheter som innsyn, korrigering av opplysningar, ol.
- Varsla om endringar i skulen sine tenester eller avtalevilkår, som t.d. betalingsssatsar eller opningstider.

- Svare på henvendingar og førespurnadar relatert til skulen sine tenester, vilkår eller behandling av personopplysningar.
- Behandla eventuelle disiplinærsaker eller liknande.
- Behandla eventuelle klagar.
- Samarbeida med relevante kommunale tenester.
- Andre aktivitetar som er naudsynte for at elevane skal få ivaretatt sine rettar til opplæring innanfor trygge og gode rammer.

#### **Alle Behandlingsaktivitetar har eit lovleg behandlingsgrunnlag, t.d:**

- Spesifikke krav i Opplæringslova, Privatskulelova, Stiftingslova, Offentlegheitslova, Forvaltningslova og andre relevante lovar med forskrifter.
- Å overhalda avtalen om plass på skolen.
- Eksplisitt samtykke.
- Å overhalda andre rettslege forpliktelsar skulen er underlagt, for eksempel lagring på grunn av lovbestemte reglar for rekneskapsmessige forhold.
- Å ivareta Jærtun sine berettiga interesser (forutsett at personar sine interesser vert ivareteke), t.d. i samband med å forsvare eit rettskrav, å forhindre tap eller skader eller å forhindre handlingar som kan kompromittera personar sine personopplysningar.

#### **Informasjonssikkerheit**

Vern av personopplysningar er av stor betydning for skulen. Vi jobbar kontinuerleg med å ivareta sikkerheiten og verna personopplysningar mot utilsikta endring, sletting eller utlevering til uautoriserte partar, eksternt og internt. Våre sikkerheitsrutinar omfattar vern av data, IT-system og infrastruktur, interne og eksterne nettverk samt tekniske anlegg.

#### **Lagringstid**

Skolen oppbevarer personopplysningar så lenge det er naudsynt for å oppfylle behandlingføremålet. I utgangspunktet slettast opplysningar når eit samtykke vert trekt, ein elev er ferdig på skulen, eller ein avtale vert sagt opp. Lovbestemte reglar og andre rettslege forpliktingar kan gjera det naudsynt å lagra personopplysningar i lengre tid.

Som offentleg godkjent skule er vi forplikta til å oppbevare opplysningar om elevar som det seinare kan vera naudsynt å ha tilgang til. Dette gjeld opplysningar om at ein person har vore elev ved skulen, fråvær, undervegsvurderingar og sluttvurderingar, karakterar og saker om rettigheter og plikter til innhald og organisering av opplæringa.

Fortsett lagring kan og skje når det er naudsynt for å ivareta skulen sine berettiga interesser, som for eksempel å gjera gjeldande eller forsvare rettskrav.

#### **Einskildpersonar kan når som helst:**

- Trekka tilbake samtykket til behandlingsaktivitetar som er basert på samtykke.
- Få innsyn i sine personopplysningar.
- Korrigera sine personopplysningar.
- Be om sletting av sine personopplysningar.
- Be om avgrensing av, eller protestera mot behandling.
- Be om overføring av sine personopplysningar.
- Avslutta avtalar i samsvar med avtalen sine bestemmingar om oppseiing.

#### **Overføring av personopplysningar**

Ingen ekstern tredjepart kan bruka personopplysningar til eige føremål. Skulen kan utlevera personopplysningar til databehandlarar som utfører tenester for skulen. Databehandlarane vil berre bruka personopplysningane til det føremålet dei ble samla inn for og for å utføra tenestene for

skulen. Forholdet til slike tredjepartsleverandører er regulert i databehandlaravtalar. Utlevering av personopplysningar til offentlege organ skjer berre i samsvar med lov og gjeldande regelverk.

Skulen brukar følgjande databehandlarar: Sjå eigen oversikt hjå IKT-ansvarleg

### **Bruk av informasjonskapslar**

Skulen brukar informasjonskapslar (cookies) og liknande teknologi på våre nettsider. Når du besøker <https://www.jaertun.no/>

kan det lagrast informasjonskapslar på din datamaskin eller på mobiltelefonen. Informasjonskapslane hjelper oss til å finna ut kva deler av nettsidene våre som er de mest populære, kva sider som vert besøkt og kor lenge dei besøkast. Opplysningane brukast til analysar og utvikling slik at vi kan gjera nettsidene våre betre.

### **Klagerett**

Dersom du meiner at skulen si behandling av personopplysningar er i strid med relevante personvernbestemmingar har du rett til å sende inn ein klage til skulen direkte, Datatilsynet eller annan relevant tilsynsmyndigheit.

### **Endring av denne personvernerklæringa**

Skulen reserverer seg retten til å endre personvernerklæringa til ei kvar tid. Den nyaste og gjeldande versjonen av personvernerklæringa er til ei kvar tid tilgjengeleg på førespurnad.